

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Deres ref.:
Vår ref.: 11511600

Dato: 21.05.2015

Svar på høyring om søknadar om løyve til å byggje 6 kraftverk i Masfjorden kommune, Hordaland

Visar til brev frå NVE 03.mars 2015 som omhandlar søknadar om løyve til å byggje 6 småkraftverk i Masfjorden. Alle dei aktuelle kraftverka er i BKK Nett sitt utgreiingsområde, og i vårt distribusjonsnett.

BKK Nett er utgreiingsansvarleg for det regionale kraftsystemet i «BKK-området og Indre Hardanger» og er i tillegg netteigar av regional- og sentralnettet i denne regionen. BKK Nett er òg eigar av store delar av distribusjonsnettet i denne regionen.

I våre gjeldande nettutvilkingsplanar vil Bjørneklettbotn kraftverk mate mot transformering i Matre, medan Sandneselva og Nørlandselva kraftverk vil mate mot transformering i Frøyset. P.t er det ikkje ledig kapasitet i Frøyset transformatorstasjon, men stasjonen vert avlasta når den konsesjonssøkte stasjonen i Sandøy vert etablert.

Suleelva, Fossdalen og Haugsvær kraftverk er planlagt at vil mate mot Haugsvær transformatorstasjon, som er eit planlagt transformeringspunkt mellom regional- og distribusjonsnettet. Haugsvær transformatorstasjon er eit punkt på leidninga Modalen – Mongstad, der det vil etablerast transformering mellom sentral- og regionalnett. Det er derimot ikkje konsesjonssøkt å etablere transformering mellom regional- og distribusjonsnettet. Dette vil verte konsesjonssøkt dersom mengda småkraft som vert realisert i dette området, tilseier at det er naudsynt med meir transformeringskapasitet.

For å kunne gje nettilknytning til dei planlagde kraftverka i vårt området er det nødvendig å bygge ut nettet. Øvrige netttiltak i regional- og sentralnettet, i tillegg til dei som er omtala over, er presentert i Kraftsystemutgreiinga (hovudsakeleg i tabell 5.1 og 6.5), som ligg på www.bkk.no/kraftsystem.

BKK Nett har òg gjort ein analyse for å kartlegge nødvendige tiltak i distribusjonsnettet for å etablere nettkapasitet til alle kjente kraftverk i vårt område. Analysen vart ferdigstilt i slutten av februar, og me har fortløpande kontakt med kraftverksutbyggjarar om resultata i denne analysen. Alle kraftverka som er omtala i denne saka inngår i denne analysen.

Venleg helsing

BKK NETT AS

Øystein Randal Berge
Seksjonssjef

Ruth Helene Kyte
Rådgjevar